



AKAF AS  
Postboks 702  
6804 FØRDE

## AKAF AS - løyve til utfylling i sjø ved Indre Hornnesvika

Fylkesmannen gir AKAF AS løyve etter ureiningslova til utfylling over eit areal på om lag 5000 m<sup>2</sup> i sjøen ved Indre Hornnesvika i Førde kommune. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må vere starta opp innan to år. Det skal betalast eit gebyr til staten for arbeidet Fylkesmannen har hatt med sakshandsaminga.

Vi viser til søknad datert 11.02.2016.

AKAF AS har søkt Fylkesmannen om løyve etter ureiningsregelverket til utfylling med inntil 20 000 m<sup>3</sup> reine massar over eit areal på vel 5000 m<sup>2</sup> i sjøen ved industriområdet Indre Hornnesvika. Føremålet med tiltaket er utfylling i samband med avslutning og plastring av sjøfronten i samsvar med vedteken endring i reguleringsplanen for området.

**Med heimel i § 11, jf. § 16 i lov om forurensninger og om avfall (ureiningslova) gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette AKAF AS løyve til utfylling over eit areal på 5000 m<sup>2</sup> i sjøen ved Indre Hornnesvika i Førde kommune. Løyvet er gitt med vilkår.**

**Løyvet gjeld i to år frå dags dato. Dersom tiltaket ikkje vert starta opp innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid søkjast om forlenging av løyveperioden.**

### Vilkår for løyvet:

1. Tiltaket skal utførast innanfor området det er søkt om
2. Utfyllingsarbeidet kan berre utførast i tidsrommet 15. september -15. mars.
3. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet startar.
4. Det skal nyttast reine, naturlege massar ved utfyllinga.
5. Det skal nyttast geotekstilduk / tildekkingsmassar for å hindre oppvirvling av ureina finpartiklar i sjøen.
6. Det skal nyttast siltgardin for å hindre spreiring av finpartiklar i sjøen utanfor tiltaksområdet.
7. Effekten av siltgardina skal overvakast ved hjelp av turbiditetsmålingar. Grenseverdien for turbiditet vert sett til 5 NTU over turbiditeten på ein referansestasjon i eit upåverka område så nær tiltaksområdet som mogleg. Dersom turbiditeten overstig grenseverdien, må arbeidet stansast, og det må setjast i verk naudsynte tiltak for å finne årsaka til overstiginga og for å bringe turbiditeten tilbake på stabilt nivå under grenseverdien. Resultata frå turbiditetsmålingane skal loggførast.
8. Dersom det oppstår unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.

9. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert i høve til vilkåra som er sette i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført, og han skal m.a. innehalde:
- Opplysningar om kor store mengder massar som faktisk har vorte nytta til utfyllinga (rekna i m<sup>3</sup> eller tonn).
  - Plassering av massar (kart med posisjon og UTM-koordinatar).
  - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som har vorte sette i verk.
  - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg.

### Omtale av tiltaket

Tiltaket gjeld utfylling i sjøen ved Indre Hornnesvika på nordsida av Førdefjorden, knapt 2 km nordvest for Førde. Tiltaksområdet har vore omfatta av reguleringsplan frå 2009/2010. I 2012 vart det sett i gang arbeid med reguleringsendring i området. Dei viktigaste endringane gjeld utforming av avslutninga mot sjø og endring av arealføremåla i vestleg retning. Føresegnene i den opphavlege reguleringsplanen innebar krav om vertikal avslutning mot sjø (mur). I endringsframlegget er det skissert at avslutning mot sjø kan etablerast med helling 1:1,5. Planen omtalar ei mindre utviding i sjøen mot aust. Det er søkt om å fylle ut i sjøen over eit areal på om lag 5000 m<sup>2</sup>. Utfyllinga skal utførast frå land. Det skal nyttast inntil 20 000 m<sup>3</sup> reine massar frå land til tiltaket. I e-post frå Asplan Viak datert 28.06.2016 kjem det fram at mengd massar som skal nyttast til utfylling er redusert grunna slakare skråning på fyllinga.

Reguleringsplanen vart klaga på til Fylkesmannen, men klagen vart ikkje teken til følgje. Vedtaket vart stadfesta av Fylkesmannen 26.05.2016.

### Høyring av søknaden

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn ved servicetorget i Førde kommune i tida 02.06.-24.06.2016. Han vart også send direkte til berørte naboar og andre partar med interesse i saka. I tillegg har søknaden vore publisert på Fylkesmannen si heimeside.

### Fiskeridirektoratet:

I området det er søkt om er det registrert eit område med ålegras. I tillegg er det i Fiskeridirektoratet sin database registrert eit lokalt viktig gyteområde for torsk. Torsken gyter i tidsrommet februar til april. Egga flyt i vassøyla og vert klekte etter 2-3 veker. Deretter lever dei i dei øvre vassmassane i 8-10 veker. Utfylling i sjø vil føre til frigjeving av miljøgifter frå sedimentet. Desse miljøgiftene kan skade torskeyngelen. Med bakgrunn i dette vil Fiskeridirektoratet region vest tilrå at det ikkje vert gitt løyve til utfylling i sjø i perioden frå februar til august. Dette av omsyn til torskeyngelen.

### Naturvernforbundet:

Naturvernforbundet skriv at dei i sin klage på endringa av reguleringsplanen har vist til flyfoto som viser at ålegrasenga har ei større utbreiing enn det området som er innteikna på plankartet. NIVA har ikkje kartlagt utbreiing av denne enga med grunngjeving om at den nasjonale kartlegginga har som mål å kartleggje A- og B-førekomstar. Naturvernforbundet skriv at «Fylkesmannen kan sjå ut til å ha mistolka NIVA si tilbakemelding av denne kartlegginga. De viser i avslaget på vår klage at det er kartlagt ei ålegraseng ca. 350 m nordvest for området, og at det ikkje forhold som tyder på at denne blir påverka av ei utfylling. Vi har fått opplyst av NIVA at det ikkje vart funne ålegras i dette området som Fylkesmannen her viser til».

Naturvernforbundet meiner vidare at omsynssoner er lagde inn med utgangspunkt i urett kartgrunnlag i høve ålegrasenga si plassering og stiller dermed spørsmål ved om det er mogleg å gjennomføre utfyllinga i planområdet.

Naturvernforbundet ber Fylkesmannen om å krevje kartlegging av utbreiinga av ålegrasenga før tiltaksområdet vert dekkja med geotekstilduk og fyllingsmassane vert lagde ut.

Vidare ber dei om at det vert stilt følgjande vilkår for å ivareta ålegrasenga:

- Utfylling må føregå på ein slik måte at oppvirvling og spreining av botnmassar vert så liten som mogleg.
- Utfylling må ikkje skje utover omsynssone, og utfyllingssone må vurderast justert dersom underskingar bekreftar utbreiing slik flyfoto viser.
- Utfylling må skje innanfor perioden 15.9-15.04.

#### **Tiltakshavar sine merknader til uttalene**

##### Fiskeridirektoratet:

«Vi har notert oss dei merknadene Fiskeridirektoratet gjer framlegg om i høve til tidsavgrensing».

##### Naturvernforbundet:

«Når det gjeld uttalen frå Naturvernforbundet, viser vi til reguleringsplanen og det som er sagt der når det gjeld grunnlag for planen. Vi vil også peike på at minsteavstanden mellom plastringfoten og ålegrasenga er ca. 20-25 m ut frå det som er vist i kartgrunnlaget frå Fiskeridirektoratet. Dette er også på eit svært grunt område der utlegging av plastringa er enkel og gir lite oppvirvling av botnmateriale. Det skjer ingen plastring i omsynssona i reguleringsplanen».

#### **Fylkesmannen si grunngeving for avgjerda**

I følgje ureiningslova § 7 er det forbode å setje i verk noko som kan føre til fare for ureining, men etter søknad kan Fylkesmannen i medhald av §11 jf. §16 i lova gi løyve til slik aktivitet.

Utfylling med sprengsteinsmassar kan føre til tilførsle / oppvirvling av finpartiklar som kan føre til skade på t.d. fisk eller nedslamming av sjøbotnen. I tillegg kan dette føre til fare for spreining av ureining dersom sedimenta på staden er ureina. Utfylling i sjø frå land kan krevje løyve etter ureiningslova. Ved avgjerda om det skal gjevast løyve, har vi lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre til.

##### Vurdering av ureiningssituasjonen i tiltaksområdet

Området det er søkt om å fylle ut, ligg like utanfor sjøfronten på industriområdet ved Indre Hornnesvika i Førde. I 2011 utførte Multiconsult geotekniske og miljøtekniske grunnundersøkingar i tiltaksområdet. Resultata frå desse granskingane viser at vassdjupna i området ligg mellom 2,4 og 16,7 m. Tjukkleiken på lausmassane varierte mellom 9,7 og 19,9 m med unntak av eitt sonderingspunkt der tjukkleiken var 5,1 m. Massane i sjøen består av eit laust til svært laust lag med sandig silt over antatt berg. Det vart tatt ut fire sedimentprøvar frå tiltaksområdet. Toppsedimenta var hovudsakleg gytjehaldig sandig silt, laget var noko fastare vest i området. Fargen på sedimenta varierte frå brunsvart til svart. Det var svak lukt av hydrogensulfid frå nokre av grabbkasta som danna grunnlaget for prøvane.

Analysane viste at prøvane inneheld 38-50 % silt, høgast innhald i vest og lågast i aust.

Tørrstoffinnhaldet er jamt (64-72 %). Totalt organisk karbon (TOC) varierte frå 1-1,7 %.

Sedimentprøvene vart analyserte for tungmetall og organiske miljøgifter ved eit akkreditert laboratorium. Alle prøvane inneheldt kvikksølv og benzo(a)pyren som svarer til tilstandsklasse II (god). Måling av summen av PAH-stoff svarte til klasse II for to av prøvane, medan det vart påvist PCB-stoff i klasse II i ein prøve. Undersøkinga har også vist ureining med tributyltinn (TBT) i alle prøvane, det svarer til moderat til svært dårleg tilstand (klasse III-V). Konsentrasjonen av miljøgifter

er høgast lengst aust i tiltaksområdet. Ureining med TBT stammar mest sannsynleg frå tidlegare aktivitet ved Ankerløkken Verft.

I følgje Miljødirektoratet sin *Veileder for klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystvann* (TA-2229/2007), svarer tilstandsklasse II til klassifisering «god» (ingen toksiske effektar). Resultata ligg då over det som er antatt som bakgrunnsnivå (tilstandsklasse I), og dei viser at sedimenta kan vere påverka av lokale miljøgiftkjelder. Tilstandsklassane III-IV (moderat-dårleg) er kjenneteikna ved at det ved eksponering for slike miljøgifter kan vere fare for akutte toksiske effektar på enkelte vasslevande organismar. Tilstandsklasse V (svært dårleg) representerer også akutt toksisitet, men konsentrasjonen av miljøgifter kan føre til meir omfattande toksiske effektar på fleire artar.

Sidan det er påvist ureining med TBT som svarer til moderat til svært dårleg miljøtilstand, og sedimenta inneheld relativt mykje finstoff og også ein del organisk stoff, vil det vere fare for at ureina partiklar vil kunne bli virvla opp og spreidde under utfyllinga. Det er difor naudsynt med avbøtande tiltak i anleggsfasen. Etter utfylling vil dei ureina sedimenta i tiltaksområdet ikkje vere biotilgjengelege.

#### Vurdering av avbøtande tiltak

Ved utfylling generelt, og spesielt i sediment som kan vere ureina, er det svært viktig at det vert sett i verk avbøtande tiltak som er naudsynte for i størst mogleg grad å unngå spreiding av partiklar. Dette kan vere tiltak som hindrar dei finaste sedimentfraksjonane i å gå i suspensjon, eller som hindrar partiklar i fyllingsmassane i å spreie seg i vassmassane. Slike tiltak må i tillegg vere tilpassa lokale tilhøve som djupne, straumar og vindretning.

Vanlege avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing under utfyllingsarbeid, er å nytte geotekstilduk, siltgardin, siltskjørt, boblegardin eller oppsamlingslenser. Det kan også nyttast vaska steinmassar for å redusere tilførsle av finstoff. Ureina sediment i området som skal fyllast i, kan også dekkast med eit tynnare lag (ca. 30 cm) med reine finkorna massar som får «setje seg» før grovare utfyllingsmassar vert lagt ut (tildekking).

For dette utfyllingstiltaket er utlegging av geotekstilduk valt som avbøtande tiltak for å hindre spreiding av ureininga som er påvist i sedimentet. Denne skal plasserast på botnen og inspiserast av dykkar før utfyllinga tek til. For at bruk av slik duk skal vere vellykka, er det viktig at det ikkje er for sterk straum i området. Alternativt kan det vere aktuelt med tildekking.

Sidan det i planvedtaket er oppretta omsynssone for å skjerme ei lita ålegraseng som ligg 20-25 m aust for området som skal fyllast ut, skal det nyttast siltgardin for å hindre at finstoff frå utfyllingsmassane spreier seg utover tiltaksområdet. Effekten av siltgardina skal overvakast ved hjelp av turbiditetsmålingar ved at turbiditeten på utsida av gardina vert målt med jamne mellomrom og samanlikna med turbiditeten ved ein referansestasjon i eit upåverka område så nær tiltaksområdet som mogleg. Skilnaden mellom målepunktet og referansestasjonen skal ikkje vere meir enn 5 NTU (turbiditetseiningar). Dersom denne grensa vert overstigen, må arbeidet stoppast til turbiditeten igjen ligg under grenseverdien.

#### Vurdering etter vassforskrifta

Området det er søkt om for utfylling, høyrer inn under vassførekomsten Førdefjorden-indre 0281010201-2-C ([www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no)). Vassstypen inst i Førdefjorden er karakterisert som ferskvasspåverka beskytta fjord. Vassførekomsten er sterkt modifisert (SMVF) då mykje av elvedeltaet alt er nedbygd. Økologisk potensial er antatt dårleg, og dagens tilstand er vurdert som dårleg. Kjemisk tilstand er ikkje definert. Det er ikkje sett spesifikke miljømål for vassførekomsten. Vassførekomsten er i middels grad påverka av utslepp frå kloakkreinseanlegg og industri.

### Vurdering etter naturmangfaldlova

På delar av sjøbotnen aust for tiltaksområdet (ca. 25 m frå regulert kaifront/regulert fyllingsfot) er det registrert ein liten lokalitet med naturtypen ålegraseng. Ålegrasenger er gyteområde for kysttorsk, og dei har elles mange andre viktige økologiske funksjonar. Ålegraseng er enno ikkje vedteken som utvald naturtype. Ålegrasenga i Indre Hornnesvika ligg i nærleiken av eit gytefelt som vert rekna som eit viktig oppvekstområde for fiskeyngel. Gytefeltet ligg ca. 190 m vest for plangrensa. I reguleringsplanen er det lagt inn ei omsynssone med krav om å ta omsyn til ålegrasenga under utfyllingsarbeidet.

Det er sett som vilkår at det ikkje skal gjerast tiltak i sjøen i tidsrommet 15. mars-15. september. Dette er i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (M-350/2016).

I 2015 gjennomførte NIVA kartlegging av ålegrasenger i Sogn og Fjordane, også i Førdefjorden. Den vesle ålegrasenga i Indre Hornnesvika vart ikkje prioritert i denne kartlegginga, sidan området ikkje har potensiale for førekomst av stor ålegraseng.

Med tilvising til §§ 8 og 9 i naturmangfaldlova vert det vurdert at kunnskapen som ligg føre står i rimeleg høve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det er ikkje truleg at reguleringsendringa vil kunne få negativ påverknad på økosystemet eller på sjeldne naturtypar (jf. § 10). Endringa i reguleringsplanen omfattar to nye omsynsoner med reglar for høvesvis å hindre frigjering av gamal ureining (TBT), og for å styrke omsynet til ålegraset (jf. § 12). Val av endra konstruksjon for sjøfronten og kailøysinga, vil også redusere faren for belastning på naturmangfaldet.

### Fylkesmannen sine merknader til innkomne uttaler

I løyvet er det sett vilkår om at det i tidsrommet 15. mars-15. september ikkje skal gjerast tiltak i sjøen av omsyn til gyting og førekomst av yngel i området.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova § 11, jf. § 16 til utfylling med reine massar etter fastsette vilkår. Vilkåra vil bidra til at utfyllinga ikkje vil føre til nemneverdig ureining eller forringing av dei biologiske og økologiske tilhøva i tiltaksområdet.

### **Varsel om gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen si handsaming av søknaden er omfatta av ei gebyrordning, jf. § 39 i ureiningsforskrifta.

Vi varslar med dette at AKAF AS skal betale eit gebyr på kr. 21 500,-.

Dersom de har merknad til dette varselet, må denne sendast til Fylkesmannen innan tre veker. Gebyret vert deretter fastsett i eige vedtak.

### **Endring eller tilbakekalling av løyvet**

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

### **Ansvar**

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

### **Offentleggjering av løyvet**

Ålmenta skal gjerast kjent med vedtaket jf. ureiningsforskrifta kap. 36 «*Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*» (§ 36-11). Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket.

### **Klagerett**

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Tom Dybwad  
fungerande fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*

### **Kopi til:**

Asplan Viak v/Magnar Bolstad  
Førde kommune  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Fiskeridirektoratet  
Kystverket  
Naturvernforbundet i Sunnfjord